

Gjesdal Bondelag
v / Marit Epletveit
Sygnivollen
Gjesdal 116
4330 Ålgård

Gjesdal 28.02.2016

NVE-Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0131 Oslo

Høring av søknad med konsekvensutgreiing for uttak av drikkevatt frå Bjerkreimsvassdraget i Bjerkreim og Gjesdal kommunar, Rogaland fylke.

Områder i Gjesdal kommune har sidan 1960 vore nytta som drikkevasskjelde for Stavanger regionen. I starten var restriksjonane rundt kjeldene få, men etter kvart som tida går har desse restriksjonane/klausuleringane gitt store driftsulemper og også tatt dyrka jord og beiter ut av drift. Klausuleringa har ført til at delar av denne dyrka jorda, kulturbeiter og open utmark nå er tilbake til skog og gjengrodd utmark. Det vil ta lang tid og store ressursar om ein skal få desse areala tilbake til matproduksjon. Andre areal er i drift men med store restriksjonar i bruk p.g.a. klausulering.

Gjesdal Bondelag er svært kritisk til bruk av Birkelandsvatnet når ein har alternativ i Store Myrvatnet som vil få små konsekvensar NÅR ein i framtida MÅ klausulere drikkevasskjelda.

All erfaring frå Gjesdal tilseier at restriksjonane blir strengare sjølv om det på utbyggingstidspunktet, i 1960 eller 2016, blir sagt og skreve at det er så god kvalitet på vatnet, god reinsing med mange barrierar og ingen ting som tydar på strengare sikring av kjeldene.

Tenk eit scenario med ein gjødselkum med 4000 m³ med dyreavføring eller 10 000 liter diesel, som ved ei ulykke renn i drikkevasskjelda. Det er mange dyreavføringslager og dieseltankar rundt Birkelandsvatnet, men ingen rundt Store Myrvatnet.

Ei eventuell klausulering rundt Birkelandsvatnet vil få store konsekvensar for matproduksjon, sysselsetjing og lokalsamfunnet i Øvrabygda. Å ta jordbruksjord ut av produksjon eller pålegge store restriksjonar er feil, dette til ein verden som treng all den landbruksjorda ein har.

Gjesdal bondelag krev at det blir utarbeida ei konsekvensutgreiing. Her må det komme klart fram kva betydning ei eventuell klausulering vil få på matproduksjon, samfunnsøkonomiske, busetjing, turisme og lokalsamfunnet. Dette for dei to drikkevasskjelde alternativa.

Skal det gis konsesjon må det stillast som vilkår at dersom det i framtida blir aktuelt med klausulering, så fell konsesjonen vekk og IVAR må finne ny vasskjelde.

Lykke til med ei framtidsretta drikkevasskjelde og sikra jordbruksareal for framtidig matproduksjon.

Leiar i Gjesdal Bondelag

Marit Epletveit